



Voss herad

Temaplan for naturmangfald i Voss herad

Naturmangfaldveka 14.01.2025.

Planrådgjevar Kjersti Næss Finne og klima- og miljørådgjevar Lina Hamre



Kunnskapsdel utarbeidd av Biofokus

- Mål
- Utfordringar
- Oversikt over naturen i heradet
- Status og kunnskapsmanglar
- Naturtypar heradet har særleg ansvar for
- Oppfølging og tilrådingar

Handlingsdel

- 50 tiltak
- Fordelt etter dei sju måla i planen



1. Stansa tapet av truga artar og naturtypar på land og i vatn
2. Forbetra tilstanden til truga naturtypar og artar
3. Redusera negative effektar av areal- og klimaendringar på naturmangfaldet
4. Følgja opp Naturavtalen og mål om meir verna areal
5. Berekraftig forvaltning av jordbruks- og skogsbruksområde med omsyn til naturmangfald
6. Redusera negativ påverknad på natur frå framandarter og anna forureining
7. Sikra at framtidige generasjonar kan nytta godt av naturen og læra den å kjenna


Mål	Tiltak	Skildring	Kven	Tidspunkt	Økonomisk behov
1. Stansa tapet av truga artar og naturtypar på land og i vatn					
1a. Planvask					
1.A.1	Planvask	Voss herad fekk i 2024 tilskot frå Miljødirektoratet for å gjennomføra «planvask». Me har både regulerte og uregulerte utbyggingsområde som er avsett i arealdelen. Gjennom arbeidet med planvask vil det vera aktuelt å oppheva reguleringsplanar, og å ta ut utbyggingsareal avsett i kommuneplanen sin arealdel.	Planavdelinga, Holth & Winge	Rullering av kommuneplane n. 2025	400 000 kr frå Mdir
1b. Arealnøytralitet					
1.B.1	Setja i verk arealnøytralitet	"Vossaklima 2030" slår fast at Voss herad skal vera ein arealnøytral kommune, men dette er ikkje iverksett enno. Gjennom arbeidet med arealstrategien i samfunnsdelen til ny kommuneplan skal me definera kva me legg i arealnøytralitet og korleis dette skal handhevast.	Arbeidsgruppa til KPS	Rullering av kommuneplane n. 2025-26	Nei
1c. Kartlegging av naturtypar og artsmangfald					
1.C.1	Kartleggingsprosjekt - prioritera og gjennomføra (sjå vedlegg 1 Kartleggingar)	Det er behov for kartlegging av naturtypar og artsmangfald. Vedlegg 1 inneheld ei liste over kartleggingar i tilfeldig rekkefølge. Desse må prioriterast ila. 2025 og gjennomførast i åra framover. Prioritera områda og artane me har lite oversikt over. Søkja eksterne midlar til gjennomføring og kopla seg opp mot utdannings- og forskingsmiljø. Viktig at rett metodikk (MI) vert nytta slik at funna vert registrert i databasar.	Klima- og miljørådgjevar	2025	Nei



Voss herad

Om Voss

- 2000 kvadratkilometer stor
- ca. 90 % av arealet er fjellområde som ligger høgare enn 300 moh.
- Store areal med kalkrik berggrunn i fjellet



Figur 10. Kart over kartleggingsstatus for naturtyper i Voss herad. Mykje av kommunen er «lite kartlagt» (raudt), i særleg grad høgareliggjande område, mens resten i stor grad er «ufullstendig kartlagt» (gul). Berre mindre areal som er kartlagt etter Miljødirektoratets instruks (MI) er vurdert som «godt kartlagt» (grønt).


Arealendringar største utfordring

- Utfordringar: arealendringar
 - fragmentering
- Andre:
 - Forureining
 - Klimaendringar
 - Framande artar
 - Friluftsliv
 - villrein - besøksforvaltning




Figur 17. Bolstadfjorden i Voss. Foto: Siri Khalsa.

Slåttemark, semi-naturleg eng



Fjellområde med snøleie



- Foto: Kjersti Næss Finne

Artsmangfald



• Foto: NOBI

Ansvarsartar: Fakkeltvebladmose og mjukbrunpigg




Foto: Sigve Reiso.



Foto: Hilde S. Rui, bilete tatt i Bamble.

Kva no? Oppfølging av planen

Planlegging
og planvask


Kartlegging

Skjøtsel og
restaurering

Kva er verdifull natur?



- Foto: Signe Stoll



Takk for merksemda! 